



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Gjemnes kommune

Dato: 23.02.2021

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

PARKERING PÅ STATLEG SIKRA FRILUFTSOMRÅDE PÅ FURSETFJELLET

Vi viser til dykkar brev av 22.02.2021 om den statlege eigde parkeringsplassen på Fursetfjellet. Vidare viser vi til vårt brev av 23.11.2020.

Vi forstår av dykkar brev av 22.02.2021 at de gir oss avslag på vårt krav om innsyn i rekneskapet for dei siste 5 åra for drifta av det statleg eigde og sikra friluftsområdet på Fursetfjellet. Vi les i brev frå Siviombodsmannen av 19.02.2021 om denne saka at det er klagemoglegheit på dykkar vedtak om avslag på vårt krav om innsyn og at klagemyndigheit er Statsforvaltaren.

Med dette klager vi på på dykkar vedtak av 22.02.2021 om at vi ikkje får innsyn i rekneskapet for dei siste 5 år for drifta av det statleg sikra og eigde friluftsområdet på Fursetfjellet, gnr 36 bnr 71 i Gjemnes kommune.

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi: Statsforvalteren i Møre og Romsdal